

Kontaktperson:

Daglig leiar: Daniela Plozicki

Styrets formann: Olav E. Føreland

## Månadsbrev

August - September

### Variert omsetning

Dei siste vekene har vi opplevd ganske ujamn omsetning frå veke til veke. Dølemo-marknaden 2011 blei heller ikkje så god som i 2010, men vi bit tennene saman og går med godt mot mot seinhausten og vintaren. Erfaringa visar at dette er den vanskeligaste tida for butikken, så vi håper dykk vil bruke oss så godt som mogleg :-)

### Halloween

Søndag 30. oktober (kl. 14.00 - 17.00) tennar vi bål bak butikken og inviterar med dette til Halloweenfeiring på Dølemo. Det blir saft, pølser og pinnebrød til borna, og alle som møter utkledd får ein liten godtepose. Du kan også gå ein natursti - og kanskje vankar det ein liten premie.

Alt er heilt gratis, men om du ønsker kan du legge nokre kroner i "kaffiboksen" :-)

### Bruk av kaffistoga/kafeen

Vi er svært glad for at mange av dykk tek dykk tid til å bruke kaffirommet åkkås! Fleire ungdomar brukar også dette til sosial røe - fortsett med dette :-). Likevel må vi minne om at alle må rydde etter seg når dei har bruka dette. Av og til kan nok også lydnivået bli noko høgt. Hugs at det også er andre folk i bygget som ikkje alle likar så mykje støy.

Vi minnar også om at om nokon har bruk for kafélokalet i ulike samanhengar så leiger vi dette ut til ein svært rimeleg pris :-)

### Bordhuset

Dølemo Vekst har lyst til å gratulere heile Dølemo med det flotte restaureringsarbeidet som er gjort på det gamle bordhuset. Det er fort å gløyme namn om ein skal remse opp dei som har teke del i arbeidet, men alle veit nok kven dette er. Tusen takk til dykk alle!! For Joker Dølemo er denne restaureringa svært viktig, og skapar eit miljø rundt butikken som er mykje betre enn det var!

### Økonomi

Sjå side 2.



### Månadens DølemoJoker

Vinnaren for august vart **Mette Aas Føreland**, og for september **Ann Karla Kristiansen** som kvar kan kose seg med eit gavekort på kr. 500,-. Gratulerer!



20.10.2011

# Dølemo Nærmat AS

Dagligvarebutikken for DEG!


Kontaktperson:

Daglig leiar: Daniela Plozicki

Styrets formann: Olav E. Føreland

## Månadsbrev

August - September



Helsing styret i Dølemo Nærmat

v/Olav E. Føreland / Styreleiar Tlf: 90591955

Dølemo Nærmat AS